

Abstrakt for forskingsprosjekt til stipendiatstilling innan sjukepleie til akutt/kritisk sjuke (AIO) ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap

Område	Pasientsikkerheit
Prosjektnummer	1
Tittel	Betre pasienttryggleik ved å inkludere pasientrapporterte data i kunnskapsgrunnlaget i behandlinga til personar som får kirurgisk behandling for alvorleg fedme ved norske sjukehus
Bakgrunn	Redusert livskvalitet er ein av hovudgrunnane til at personar søker helsehjelp for alvorleg fedme. Fedmekirurgi kan vere god behandling for mange i denne pasientgruppa, men kan også føre til komplikasjonar og biverknader. Studiar tydar på at om lag 30% av pasientane opplever at helse eller livet ikkje blir særleg mykje betre etter fedmekirurgi. Det betyr at det er naudsynt å auke pasienttryggleiken for denne pasientgruppa ved å få ny kunnskap som kan brukast til å optimalisere behandlinga. Ein strategi er å systematisk undersøke pasientar sin livskvalitet og behandlingstilfredsheit ved hjelp av pasientrapporterte målemetodar, og kva faktorar (demografiske, kliniske etc.) som er assosiert med dette før og etter fedmeoperasjon. Denne kunnskapen kan brukast til å identifisere risikofaktorar, men også helsefremmande faktorar slik at vi kan utvikle meir persontilpassa og betre behandling.
Formål	Hovudføremålet i studien er å kartlegge ulike typar pasientrapporterte data frå alle norske sjukhus som inngår i Norsk kvalitetsregister for fedmekirurgi (SOREg-Norge) over tid, og undersøke kva faktorar som er assosiert med dette hos personar som gjennomgår kirurgisk behandling for alvorleg fedme. Nytteverdien er å sikre betre pasienttryggleik ved at pasientane sine egne vurderingar av helse og livskvalitet blir ein del av kunnskapsgrunnlaget for utviklinga av framtidens helsetenester.
Metode	Vi skal gjennomføre ein prospektiv kohortstudie med minst 2000 personar som har gjennomgått fedmekirurgi ved norske sjukehus. Data vil bli samla inn før operasjon, og eit og to år postoperativt. Prosjektet vil nyttiggjere seg av data frå ei pågåande datasamling i Norsk kvalitetsregister for fedmekirurgi (SOREg-Norge) . Klikk på linka ovanfor for å sjå alle variablane som inngår i registeret inkludert pasientrapporterte utfall. Hovudutfallet for pasientrapporterte data er Patient Reported Outcomes in Obesity (PROS) , som måler i kva grad fedme påverkar kvardagen til personane med fedme. I tillegg blir pasientrapporterte biverknader og tilfredsheit med behandlinga bli kartlagt. Statistiske metodar blir brukt i analysane. Det vil bli gitt opplæring i dette.
Forskingsmiljø	Forskningsgruppe for persontilpassa helsetenester ved Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde. Leiar for «Norsk Kvalitetsregister for fedmekirurgi» og overlege ph.d. Villy Våge i Helse Bergen/Helse Førde blir medretteleiar. Miljøet har omfattande forskingserfaring på temaet og samarbeidar nært med leiande internasjonale universitet og sjukehus.
Kontaktperson	Interesserte søkjarar kan ta kontakt med John Roger Andersen, professor Høgskulen på Vestlandet, forskar, Helse Førde Telefon: 48278186 E-post: johnra@hvl.no / john.roger.andersen@helse-forde.no